

Vinje Løypelag

Våmartveit 68

3890 Vinje

Vinje, 13.12.24

Vinje kommune

Søknad om tilskot

Vinje løypelag er stifta 30.januar 2009 som eit SA. Organisasjonsforma blei endra alt i september same år til ein ideell organisasjon og registrert i frivillighetsregisteret 12.12.2009.

Alt før stiftinga av laget, hadde me ei maskin som me starta å køyre spor med, mellom Våmartveit og Bøgrend. Våren 2013 fekk løypelaget Linde gnr 25 bnr 22 i gåve av Olav Lie. Maskina me hadde var frå 1985 og kravde ein god del vedlikehald. I januar 2014 avtala me med Owren om kaup av ei maskin frå 2005. Me fekk lån på kr 662500 i DNB med pant i Linde og tre kausjonistar. Styret var i villreide kva ein skulle med Linde. Men våren 2014 fekk me spørsmål om kva me hadde tenkt med eigedomen og om den var til sals. I juni 2014 vart Linde selt og mykje av lånet nedbetala. Dette året utvida me løypenettet slik at det blei ei låm på kvar side av Kåvsåe. I 2013 starta me å køyre låm frå Våmartveit til Kostveit. I 2019 starta me å køyre til Gravastøyl, og i 2020 til Kostveit Hyttegrend. Frå 2022 hev det vore låm frå Birkjebekk til Veggiltjønn. No er det om lag 50 km løyper. Mange av løypene hev me måtta bruke gravemaskin for å koma fram på ein brukleg måte. Utgiftene til dette har vore kr 396761. Men me hev endå nokre flaskehalsar. Dette løypenettet er no lett tilgjengeleg frå grendene Våmartveit, Kostveit, Tjønnegrend og Bøgrend. Det heng òg saman med løypene til Vinje Idrottslag.

All køyring er dugnad. Godt 200 timar kvart år. Alt manuelt arbeid er òg dugnad. Rydding av løyper både første gong og ikkje minst etter kvart, stadig er det nye tre som heng over løypa. Ein trur ein hev rydda breitt, men så kjem det eit tungt snofall og då er det nye tre som heng inn i løypa. Det er òg viktig å rydde nye rønningar i løypa. Vedlikehald av maskina gjer me sjølve. Kostnadane er nye delar og overhaling av gamle delar.

Løypemaskina vår, ein Prinoth Husky 2,8 meter beltebreidde, er no 20 år og har gått i underkant av 5800 timar. Maskina er gamal og treng mykje vedlikehald år om anna. Frå 2018 til i dag har me bruka mest 500.000 kr i vedlikehald.

Me søker med dette om kr 1.500.000 i tilskot til kjøp av ny maskin.

Samstundes søker me òg om kr 300.000 til utbetring av løypetrasé. (Flytting av veg ved Jordstøyl i Våmartveit, terskelutbetring i utos av Nystøyltjønni i Kostveit, samt forbetring av terskler i Kåvså ; Grunneva og Drengshyl.)

Budsjett kjøp av ny løypemaskin:Utgifter.

Kostnad ny maskin	kr 2.900.000
Renter på lån (MVA lån)	kr 100.000
<u>Totalt</u>	<u>kr 3.000.000</u>

Finansiering.

Sparebankstiftelsen DNB	kr 500.000
Maskin – innbytte	kr 300 000
Eigne midlar	kr 700.000
Kommunalt tilskot	kr 1.500.000
<u>Totalt</u>	<u>kr 3.000.000</u>

Prisen for ny maskin er utan mva. Me må ta opp lån for mva til me får den att i momskompensasjon for lag / organisasjonar, desember året etter kostnaden.

Mvh

For Vinje Løypelag

Aslak Krossbakken

Leiar.

Aslak Krossbakken